

<b>Skjemaet sender ein til:</b> Matallergiregisteret, MIMI Nasjonalt folkehelseinstitutt Postboks 4404 Nydalen 0403 OSLO	<b>Melding om akutt allergisk reaksjon* på mat</b> <b>* Så sterk at lege/legevakt/sjukehus vart kontakta innan 24 timar etter inntak av maten ein mistenkjer er årsaka</b>
--	---

<b>Pasient</b> (fornamn, etternamn):  <b>Kjønn:</b> Kvinne <input type="checkbox"/> Mann <input type="checkbox"/> <b>Fødselsnr/personnr:</b> <b>Dato for konsultasjon:</b>	<b>Adresse:</b>  <b>Post nr:</b> Teieplikt gjeld for informasjonen som blir gjeven, med grunnlag i Forvaltningsloven §13 og andre lover. Registeret er godkjent av Datatilsynet. <b>Ein må skrive under på samtykkeerklæring på eige ark</b>
--	--

<b>Lege/institusjon som sender meldinga:</b> Namn: Adr. Tlf: Faks: e-post:	<b>Fastlege:</b> Namn: Adr. Tlf: Faks: e-post:
---	---

<b>A. Vert det sendt blodprøve?</b> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>	<b>B. Vert det sendt prøver av maten?</b> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
(Dersom Ja, sjå rettleiing på baksida)      Dato prøvene er tekne .....	

**C.** Har pasienten kjent allergi eller overfølsomheit av noe slag?

**D.** Har pasienten hatt alvorlege reaksjonar på mat tidlegare?

**E.** Har pasienten astma, og i tilfelle kor alvorleg?

**F.** Brukar pasienten astma- eller allergimedisinar regelmessig?

**G.** Kva matvarer (nemn også merke/pakning) kan vere årsak til reaksjonen som vert meld? Har pasienten ete slik mat før?

**H.** Mistenkjer ein at matvara kan innehalde ingrediensar som ikke er nemnde på pakningen, og i så fall kva ingrediensar? I så fall bør ein sende inn prøve av måltidet saman med blodprøva.

**I.** Beskriv kva som hende før og under reaksjonen; mistenkt mat, mengde mat/drikke, tid (minuttar, timar) frå matinntaket til symptoma starta, korleis symptoma var, eventuell fysisk aktivitet etter matinntaket. Kvar vart maten eten (heime, hos venner/i selskap, på restaurant, gatekjøkken m.v.)? Bruk gjerne eige ark eller journalutskrift.

**J.** *Beskriv behandlinga og kva som hende vidare (til dømes innlegging, henvisning, vidare vurdering/prøver).*

**Gi gjerne meir opplysningar på eige ark !**

**Vi ber om melding ved den første kontakten med pasienten, og at ein ikke ventar på resultat av prøver/undersøkingar. Ei rask og ufullstendig melding er betre enn inga melding. Matallergiregisteret vil vurdere tilfellet og registrere det. Vi vil også ved behov ta kontakt for å få supplerande opplysningar og eventuelt resultat av prøver og vidare oppfølging.**

### **Kva for allergiske reaksjonar skal ein melde?**

Alle pasientar som søker lege som øyeblikkeleg hjelp innan 24 timar etter det matinntaket som ein mistenkjer var årsak til den allergiske reaksjonen, skal meldast. Ein kan melde tilfelle i ettertid. Nye reaksjonar hos tidlegare meldt pasient, skal meldast. Vi ber om at melding vert sendt jamvel om det berre er mistanke om ein allergisk reaksjon (inkl. glutenintoleranse) på mat. Er du i tvil, så meld!

### **Kven skal melde?**

I dei tilfella der pasienten vert lagt inn på sjukehus, ønskjer vi meldig frå legen som legg pasienten inn, og i tillegg frå legen som skrive ut pasienten frå sjukehuset. Utanfor sjukehus bør den legen som vert konsultert på grunn av reaksjonen, skrive meldinga.

### **Føremålet med registeret**

Det viktigaste føremålet med Matallergiregisteret er å betre omsorga for personar med matallergi. Vi veit i dag for lite om matallergi problemet i befolkninga, og treng meir kunnskap for å gi helsevesenet betre grunnlag for tiltak, beslutningar og ressursfordeling i høve til desse pasientane. Vidare vil den informasjonen som Matallergiregisteret samlar inn, vere med og auke kunnskapen om risikofaktorar, årsaker, forløp og behandling. Ein viktig funksjon for Matallergiregisteret er å overvake dei matvarene som er på marknaden og oppdage allergen "som ikkje skulle vere der" og nye allergen, for å gjere matvarene sikrere for matallergikarane.

### **Tilbakemelding**

Matallergiregisteret vil gi ei fagleg tilbakemelding til den legen som har sendt inn meldinga og til fastlegen om det aktuelle tilfellet.

### **VIKTIG om blodprøve:**

Vi ber om blodprøve (serumprøve) av to grunnar:

- 1) Blodprøva kan i noen tilfelle vere svært nyttig for å finne årsaka til matallergireaksjonen, altså for å stille rett diagnose. Alle blodprøver som vert sende inn, vil bli undersøkt på spesifikt IgE mot aktuelle matallergen. Dette må likevel ikkje komme i staden for dei diagnostiske prøvene som ein ellers ville ta.
- 2) Både av omsyn til forskning og utprøving av reagensar som kan brukast til diagnose er det behov for å ha ei samling av serum frå pasienter med reaksjonar på matvarer. Desse prøvene vil bli koda før oppbevaring og bruk, slik at identiteten til gjevaren vert halden skjult. Datatilsynet har gitt samtykke.

Praktisk informasjon:

- 3) Minimumsmengde serum er 0,5 ml, men det er ofte nyttig å få meir, gjerne det som svarar til eit 10 ml blodprøveglas. Ein kan sende koagulert fullblod, separert serum eller gelrøyr.
- 4) Blodprøva (og eventuell matprøve) sender ein i adressert og frankert prøvekonvolutt (Matallergiregisteret) saman med skjema og samtykkeerklæring.

### **VIKTIG om matprøver:**

- 1) Matprøve bør ein sende (saman med blodprøva) i dei tilfella der det er mistanke om at maten inneheld allergen "som ikkje skulle vere der" og som pasienten kan ha reagert mot.
- 2) Har ein ikkje mistanke om bestemte matallergen eller bestemte matallergiar ved innsending av melding, kan det vere praktisk å leggje matvareprøva i frysaren slik at den kan ettersendast dersom undersøking av blodprøva eller nye opplysningar frå pasienten gir grunn til å undersøkje maten.

Sjå også eiga Samtykkeerklæring med informasjon til pasienten, og eiga rettleiing for legen.

### **Spørsmål:**

[matallergiregisteret@fhi.no](mailto:matallergiregisteret@fhi.no)

Ellen Namork (tel. 22 04 24 33) eller Martinus Løvik (tel. 22 04 26 64), Folkehelseinstituttet